

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 3

Hausten 2014

46. årgang





## DEN NORSKE KYRKJA

### KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01



**KYRKJETENAR**  
Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12  
952 74 090

### KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVEVJE**  
Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og  
fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
Marit Slettum  
tlf. 61 12 13 22 / 913 93 314  
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no



**ORGANIST**  
Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



**DIAKON**  
Marianne Konow  
tlf. 958 42 571  
E-post: diakon@etnedal.kyrkja.no



**SAKSBEHANDLAR**  
Linda Mæhlum Robøle  
tlf. 957 64 900  
E-post: l.robøle@etnedal.kyrkja.no

### DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Maria Kompen, leiar  
tlf. 909 78 963  
E-post: mholbe@gmail.com



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Wenche Hillestad Møller, leiar  
tlf. 941 66 323  
E-post: wenche.hillestad.moller@  
nord-aurdal.kommune.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Asmund Wold, leiar  
tlf. 908 60 650  
E-post: as.wold@online.no

### KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Faste medarb.: Ingun Kompen og  
Tone Steinset

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar: kr. 150,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 200,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

PRESTENS HJØRNE:

# *Eg skammar meg ikkje over evangeliet*

skreiv Paulus i brevet til kyrkjelyden i Roma. (Rom. 1,16) Paulus, jøde, nidkjær farisear, romersk statsborgar og tidlegare kristenforfyljar. Utanfor Damaskus fekk han eit radikalt møte med den Herre Jesus Kristus, som endra livskursen hans. Paulus var utvald til å bere Jesu namn fram for heidningefolk og kongar og for Israels folk, og utdrag av den forunderlege livshistoria hans kan vi lese i apostelgjerningane. Også om korleis han vart kalla over til Europa, bar fram vitnemålet om Jesus og grunnla nye kyrkjelydar ...

Etterkvart kom kristendommen også hit til oss. Valdres skal ha vore eit av dei siste områda i Noreg som vart kristna, men då valdrisen fekk tenkt seg om ..., vart kyrkja grundig etablert med mange kyrkjelydar og kyrkjebygg. Slik vart dalføret vårt eit mektig vitnemål med over 30 kyrkjespír som peiker mot himmelen.

Og kyrkja i Valdres samlar framleis folket ved store og viktige livshende. Dei fleste blir døypte, enno, men livssynsmangfaldet kjem stadig tettare på oss.

Eg har stor respekt for dei som tenkjer annleis, men vi som er døypte med den heilage dåpen, trur på Gud og høyrer til i Den norske kyrkja, må hjelpe kvarandre til å ta vare på det vi har.

Vi må lyfte fram den bibelske kunnskapen og fortelje om kvardagstrua vår, som har slitestyrke og kraft i seg til å bere oss gjennom



livets ymse utfordringar, gjennom dødens skugge – og like inn i himmelen.

Vi treng ikkje å skamme oss over det vi trur på, og det er viktig at barna og ungdomen vår får lære om det, slik at dei kan vekse inn i ein sunn og trygg kristen identitet. Det er avgjerande for oss sjølve og for vårt møte med annleis truande og tenkjande, at vi er trygge i vår eige kristne tru. Og det er inga sjølvstakt sak. Vi må ville det, kjempe for det, og arbeide målretta med det.

Difor er eg glad for at trusopplæring er sett høgt på dagsorden i kyrkja vår. Her må vi stå saman, bygge vidare på det vi har og utvikle oss, medvetne om kor viktig det er å formidle kristentrua vidare – til kvarandre og til nye generasjonar.

«Eg skammar meg ikkje over evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur ...»

*Marit prest*

# Det beste av alt

Av Audun Mosevoll, redaktør

## Bibeltekst: Jesaja 25, 6-9

*På dette fjellet skal Herren over hærskarane gjera i stand for alle folk eit festmåltid med feite retter, eit festmåltid med gammal vin, med feite, mergfulle retter og gammal, klåra vin. På dette fjellet skal han sluka sløret som slører til alle folk, dekket som dekkjer til alle folkeslag. Han skal sluka døden for evig. Herren Gud skal tørka tårane frå kvart andlet. Frå heile jorda skal han ta bort vanæra til folket sitt. For Herren har tala. Den dagen skal dei seia: «Sjå, dette er vår Gud! Vi vona på han, og han frelste oss. Dette er Herren, vi vona på han. Lat oss jubla og gleda oss over hans frelse!»*

I eit år med grunnlovsjubileum er det sett fokus på samfunnsforholda i Noreg i 1814. Eit trekk som prega situasjonen den gong, var at mange norske familiar hadde det materielt sett veldig vanskeleg. Krig, uår og naud gjorde kampen for det daglege brød svært utfordrande. Og fattigdom var ikkje noko ukjent omgrep vidare i det same hundreåret.

Ved gjennomlesing av ein del preiker frå den tida, har eg sett at også predikanten kunne dvele ved behovet for mat. Om det var knapt med fødevarer her på jord, korleis ville det så bli i himmelen, var eit av spørsmåla som vart stilt.

Ein av predikantane svarte at problemstillinga var feil. På den andre sida av livet her er alt så heilt annleis, der er ikkje behovet for dagleg brød lenger ein aktualitet. Om dette var særleg trøyst for svoltne tilhøyrarar, er høgst usikkert.

Når den gamaltestamentlege teksten i Jesaja 25 skal skildre kva som ligg i Guds frelse til folket, så vert biletet av det gode måltidet brukt for å understreke at Gud gir mennesket det aller beste. Her blir det ikkje spart på noko.

Frelsebodskapen vart oppfylt i det Gud vart menneske i Jesus Kristus. Han kan gi oss det vi treng mest av alt. Vi er ikkje berre kropp, vi har også ei sjel som lengtar etter å bli metta. Jesus var oppteken av det heile mennesket. Han såg at folk trengte det daglege brød og han metta tusenar. Men han peikte også på at vår lengt etter livsinnhald utover å få dekkja materielle behov, har med gudsforholdet å gjere.

-Sjå, dette er vår Gud, lydde det i profetens budskap. Døyparen Johannes uttrykte det slik då han såg profetien oppfylt i Jesus Kristus: -Sjå, Guds lam, som ber bort verdas synd!

Jesaja-ordet peikar på at Guds frelse gjeld alle folkeslag. Difor kan vi sleppe jubelen og frelsefryden laus når vi ser at «de er alle Guds born ved trua, i Kristus Jesus.» (Galatarane 3,26) Den som vedkjenner trua på Jesus vil oppleve at Gud har gitt oss det beste av alt.



*Ill. måltid*



*Barfot i sanda langs den merkede pilegrimsruta over til The Holy Island, mens tidevannet trekker seg tilbake*

**Diakonens spalte:**

## Medvandring, enkelhet og gjestfrihet

*«Tap for all del ikke lysten til å gå: jeg går meg til det daglige velbefinnende hver dag og går fra enhver sykdom; jeg har gått meg til mine beste tanker og jeg kjenner ingen tanke så tung at man ikke kan gå fra den.... Nekter noen for at sunnheten er i bevegelsen, da går jeg fra alle sykelige innvendinger. Når man slik fortsetter å gå, så går det nok.» Søren Kierkegård.*

**På tross av et vondt kne og dårlig med trening la jeg i sommer ut på vandring langs St. Cuthberts vei som går fra Melrose i Skottland, over grensen til England og ned mot havet til øya Lindisfarne. En fantastisk tur og flott ferie.**

Vi gikk i fotsporene til St. Cuthbert, som vandret og virket i områdene langs denne veien på 600 tallet. Han ble som 16 åring kalt til klosterlivet og ble etter hvert leder for klosteret i Melrose. Senere ble han biskop på øya Lindisfarne og etter sin død helgenkåret. I sin levetid vandret han mye rundt i landet og

besøkte både fattig og rik. Han ba for syke og brukte mye tid i bønn. Han likte å være ute i naturen, gikk mye og hadde god kontakt med dyrene. Han var av den keltiske tradisjonen, en trosretning som var opptatt av fellesskap, solidaritet, gjestfrihet, enkelhet og rytme i arbeid og bønn. Denne opprinnelige keltiske kirken ble etter hvert fortrent av Den Romerske Kirken. Der den Romerske kirken var opptatt å skille mellom Gud og verden holdt den keltiske tradisjon fram skaperverket som gudskapt og noe som vitner om Gud. De var opptatt av helhetstenkning og omsorg for alt det skapte.



*Langs St. Cutberths vei. Marianne og Lars Harald passer grensen mellom Skottland og England.*

Kelterne mente at man ikke gikk pilegrimsvandring til Roma eller andre steder for å finne Gud- de tenkte at Gud er med hele veien. Etter hvert som vi vandret i det vakre landskapet med gresskledte åser, røsslyngheier, langstrakte steingjerder, vakre elver, små landsbyer med mørke murhus (merket av sot fra kullfyring), beitende husdyr og eventyraktige skoger ble jeg mer og mer fasinert av landet og denne St Cuthbert.

Han var en ekte diakon og minner meg på mange måter også om Frans av Assisi. Selv om han levde i en helt annen tid kan jeg identifisere meg med han og den keltiske tenkningen. Diakoni handler jo om medvandring, solidaritet, enkelhet og omsorg for alt det skapte.

Det å vandre over flere dager, vi gikk i 6 dager, gir en god rytme og avkobling fra hverdagen. Mine medvandrere gikk 10 mil, mens jeg takket være gode myke stier klarte ca 6 mil. Vi møtte bare vennlighet og gjestfrihet hele veien og jeg traff på flere engler underveis som på forunderlig hvis ga meg hjelp og skyss når jeg trengte det. Jeg fikk og vandre i noen av de mange vakre hagene langs veien.

Det var en åpenbaring å skue havet og øya etter flere dagers vandring. Over til øya kan en



*Langs St. Cutberts vei over The Wide open hill, med noen av de flotte steingjerdene langs ruta.*

bare komme når det er lav-vann og det var en spesiell følelse å vandre barbeint i sanda de 6 km ut til øya mens orkanen Berta herjet i det fjerne. Den gamle pilegrimsveien er merket med lange staker ut til Lindisfarne. Øya kalles nå The Holy Island.

Jeg vandret meg til bedre knær og mange gode tanker, og fikk flere bekreftelser på Guds omsorg underveis. Det ble en lekse i å stole på Gud og ikke bekymre seg.

Selv om vi står i Guds omsorg så vet vi at vi ikke er beskyttet fra alt det vonde i verden. Det fikk menigheten etter St. Cuthbert på Lindisfarne smertelig erfare når vikingene angrep øya, som det første stedet i England på 800tallet. Munkene sto fredelig på stranda og tok gjestfritt imot inntrengerne. De av dem som ikke ble massakrert ble ført bort som slaver sammen med alle verdisakene i klosteret.

I St Marys church på øya henger en hilsen fra kirka i Norge hvor en ber om tilgivelse for de sårene de norske vikingene påførte menneskene på Lindisfarne. Vi blir også trukket tilbake til den smertefulle virkeligheten i avisoverskriftene som møter oss med blant annet nyheter om kristne som massakreres i Nord Irak.

St Cuthbert ble kalt ut av sitt fredelige bønneliv til å være biskop og ordne opp i stridigheter og utfordringer i sin tid. Slik kalles også vi i dag til å engasjere oss til å gjøre noe for vår neste og de som lider urett i vår verden.

Vi gjør det i visshet om at Jesus går ved vår side og utruker oss til å kjempe for det gode i verden uansett hvilken arena vi velger å kjempe på. Da er det godt å vite at vi har et flott skaperverk som vi kan få koble av i og hente nye krefter til hverdagen.

En flott høst ønskes dere lesere med denne keltiske velsignelsen:

*Må veiene åpne seg for deg min venn og vinden blåse bak deg. Må solen skinne på ditt ansikt og regnet falle mildt på dine marker. Inntil vi møtes igjen. Må du hele tiden være i Guds hånd.*

**Marianne – diakon**

Ps: Ønsker du å vite mer om den keltiske tenkingen og hva den kan bety for oss i dag så anbefales bøkene: «Keltiske veimerker» og «Din rytme Din bønn» av Ray Simpson. Anbefaler og Ann Kristin Aasmundtveits bok «Alle mine veier. En pilegrims vandring.» Ds



*Det keltiske korset; hvor sirkelen symboliserer verden og livet, mens korset står i midten og holder det hele sammen. Tro og liv henger sammen.*

# VANN FORANDRER ALT

Tilgang til rent vann gjør at mennesker overlever og holder seg friske. Kvinner og barn trenger ikke gå i flere timer hver dag for å hente vann. Det gir dem mulighet til å gå på skole og arbeid, noe som igjen utvikler hele samfunn. Sammen skal vi sikre varig tilgang til rent vann for 1 million mennesker.

**BLI BØSSEBÆRER FOR TV-AKSJONEN NRK 19. OKTOBER**

**RING 02025 BLIMED.NO**

19. OKTOBER 2014  
KIRKENS NØDHJELP  
TV-AKSJONEN NRK

## TV-aksjonen NRK 2014 for Kirkens Nødhjelp

- TV-aksjonen går i år til Kirkens Nødhjelp og skal skaffe varig tilgang til rent vann for over en million mennesker.
- Aksjonen som har fått navnet "Vann forandre alt" går av stabelen 19. oktober.
- Pengene går til vannprosjekter i åtte land: Haiti, Afghanistan, Pakistan, Somalia, Sør-Sudan, Sudan, Etiopia og Tanzania.
- Kirkens Nødhjelp er allerede i disse landene og vil støtte lokalsamfunnene med å bore brønner, installere håndpumper, lage systemer for oppsamling av regnvann, avsalting av grunnvann og andre tiltak som er mest effektive gitt de lokale forholdene.
- Å skaffe mennesker tilgang til rent vann er mulig, og det får enorme positive ringvirkninger i menneskers liv og for hele lokalsamfunn.

## Dette er Kirkens Nødhjelps vannarbeid

- Kirkens Nødhjelp arbeider med å skaffe tilgang til rent vann i 15 land på tre kontinenter.
- Trygt og rent vann er et av de første prekære behovene som oppstår etter en katastrofe. Kirkens Nødhjelp er Utenriksdepartementet foretrukne partner for å levere vann i krisesituasjoner.
- Av Kirkens Nødhjelps beredskapsgruppe på 100 medarbeidere, er mange ingeniører og spesialister på vann.
- I 2013 skaffet Kirkens Nødhjelp 890 000 mennesker tilgang til trygt vann.



## Uten vannpumpen hadde vi vært historie

Først når Aday kan se grensen til Etiopia med egne øyne, slipper hun sekken ned på bakken, og lar seg synke sammen. Hun kommer til å overleve.

### Tørke, sult, død

Senere, i den relative tryggheten i leiren, etter litt mat, en flaske vann, noen timers søvn, da melder tankene seg. I løpet av de fem døgnene til fots har sulten krevd tre ofre i storfamilien. Aday er 64 år gammel, hun har opplevd tørke før. Hun har sultet, sett barn sulte, sett venner og slektninger dø. Men hun kommer aldri til å glemme synet av kvinnene som måtte legge fra seg døende barn langs stien for å kunne redde de andre. Den stadig mer intense tørken, ofte i hælene på krigshandlinger, fører til slike umulig, grusomme valg.

### Vannskillet mellom liv og død

I Gedo-provinsen sørvest i Somalia, i det samme katastrofeområdet som Adays hjemsted, ligger det en annen liten landsby. Midt i det samme, mistrøstige, ørkenlignende landskapet er denne landsbyen en grønn, frodig oase.

Maisplantene står høyreiste i sirlige rader, og like bortenfor vokser bananer, sitroner, bønner.

Nede ved elveleiet harker en dieselmotor seg høylytt i gang. Øyeblikket etter spruter elvevannet ut av et stort vannrør og ned i et lite basseng, der det ledes i åpne rør ut i åkrene og fordeles slik at hver eneste plante får akkurat nok vann til å bære frukt.

### Pumpe for livet

– Det har ikke regnet på snart fire år. Jeg kan aldri huske å ha sett så lav vannføring i elven.

Vi kunne aldri klart å få vannet opp hit og ut på åkrene uten hjelp, sier Abdi. Hun er enke, mor til fire og bestemor til elleve. Selv i en av de mange såkalte normale tørkeperiodene ville familien hatt små sjanser for å overleve uten hjelp. I 2009 ble Abdi og hennes familie utpekt som spesielt sårbare av Kirkens Nødhjelps ansatte i Somalia.

– Uten vannpumpen hadde vi vært historie, sier Abdi. Men Abdis vannpumpe er en historie i seg selv. Det er en historie om avlinger som ikke slo feil, om husdyr som ikke døde, om en familie som ikke måtte flykte, om barn og barnebarn som ikke sultet ihjel, om mennesker med overskudd til å hjelpe andre. En historie som gir håp.

## Diktet

*Hvis jeg kunne,  
gav jeg hvert barn  
et verdenskart,  
og, var det mulig,  
en lysende globus...  
Og jeg ville håpe  
at barnets blikk åpnet seg  
og at dets kjærlighet  
og omsorg ble vekket  
for alle folk,  
alle raser,  
alle språk,  
alle religioner..*



Dom Helder Camara:  
Tusen grunner til å leve.  
Verbum Forlag 1985

## TV-aksjontreff på Bruflat menighetshus laurdag 18. oktober kl. 12 – 15

”Vann som ressurs” ved Knut Ole Gladhaug, enhetsleder på Plan og næring

- besøk frå Oladalen
- Sang og musikk, auksjon, åresal
- Mange flotte ting å kjøpe eller vinne
- Sal av kaffe og vaflar

**Arr.: TV-aksjonskomitéen i samarbeid med sokneråda**

# Skulestartgudsteneste på Røde-korshytta, Etnebu

Dagen før skulen starta att, 17. august var det «fyrsteklasses» gudsteneste på Lenningen. Som det ligg i namnet var fyrsteklassingane særleg invitert, og saman med dei, 7. åringane, som starta på Etnedal skule i fjor.

Dei seksti som møtte opp, fekk vere med på ei livfull gudsteneste. Det var mykje fellessang, Liv Gjertrud og Håvard Telstø deltok saman med Eldorado i eit forrykande sanginnslag og Eirunn Steinsfjord fortalde om den blinde Bartimeus. Utfra bibelforteljinga snakka ho om alle sansane våre, som vi har bruk for når vi skal leve og lære. For det gjer vi både på skulen og resten av livet.

Marit prest ba for skuletida, særleg for fyrsteklassingane, men også for dei andre elevane og for alle som arbeider på Etnedal skule. Etterpå

vart 6 –årsboka delt ut, og saman med den invitasjon til 6 – års-samlingar i september.

Etter gudstenesta kunne kjøkkenavd. ynskje velkomen til pølsefest, og jammen tok regnet ei pause, då dei som ville kunne gå natursti.

Samlinga vart avslutta med gode kaker og innetid, og seksåringane vart skikkeleg «rista saman» før den store skulestartdagen måndag.

*Karoline Stubbene, Linn Korsvoll, Simen Lofthus, Gunnar Stubbene, Katrine Telstø og leiar for Eldorado Liv Gjertrud Telstø*





*Dåpsopplæringsutvalet i N. Etnedal hadde ansvaret for naturstien. Her gir Kari Nicolaysen Bergsbakken instruksar før avgang.*



*Eit knippe ivrige deltakarar. Madelen Andersen Urberg, Ingrid N. Bergsbakken, Ingvild Storsveen, Camilla, Linn og Jeanette Korsvoll.*



*Johannes Lofthus og Anne Korsvoll hadde ansvaret for kjøkkenteneste og pølserverving. Solfrid Skogstad sørger for dei gode kakene.*



*Utan mat og drikke... Ein heil gjeng søkte inn på kjøkkenet*



*Desse fann seg ein plass i sofaen ; Fredrik Fossum, Madelen Andersen Urberg, Camilla Korsvoll, Ingrid Nicolaysen Bergsbakken, Karoline Stubbene og Thea Kvernmo*



*Og så var det premierung. Viskelær, ball og blyant er ikkje dumt å ha med seg på skulen. Og på viskelæret sto : God loves you, Gud elsker deg. Godt å hugse på når vi skal inn i nye utfordringar.*

**Foto: Inger Torill Holte Breien og Marit Slettum**

# Skulegudsteneste i Bruflat kyrkje, sommaren 2014 (sett frå galleriet)



*Inngangsprosesjon*



*Syngande forsamling*



*4. klasse fortalde om Mariablomster og sang Alf Prøysen.*

## Frå Etnedalshelga på Valdres folke-museum

Søndag går husfolket til gudsteneste, og det er sjølvsagt ope for alle som vil.



*Frå gudstenestesamlinga i museumssalen*



*Jostein Enger var prest på Etnedalshelga dette året*

**Foto: Ingun Kompen**

## Sommargudsteneste i Fjellsbygda

20.juli, tredje syndag i treeiningstida, var det gudsteneste i Fjellsbygda grendehus. Det er fyrste gongen det har vore gudsteneste midt på sommaren i Breien krets.

Marit prest og organist Serhiy hadde ansvaret for gudstenesta, og sjølv om veret kunne freiste til uteliv, var det ein bra flokk som hadde funne vegen til grendehuset denne solfylte sommardagen.

Marit tala over forteljinga om Jesus og læresveinane som fiska på Genesaretsjøen, og om bodskapen Jesus hadde til læresveinane om at dei skulle vera menneskefiskarar og spre bodskapen om evangeliet dit dei kom. Det var takoffer til Institutt for sjelesorg på Modum.

Etter messa var det kaffe med brødmatt og kaker, som skikken er, og praten gjekk livleg rundt borda som var pynta med lys og sommarens vakre blomar.

*Tone Steinset*



*Frå kyrkjekaffen; Anne Marit Stensæter, Jenny Kringli, Kjell Olav Urberg, Marie Bjercknes og Aslaug Urberg*

**Foto: Solveig Breien Johansen**

## Sommartreff på Nærmiljøsentralen



Diakoniutvalget og diakonen arrangerte sommertreff på Nærmiljøsentralen i sommer. Beboerne på Etnedalsheimen og i alders- og omsorgsboligene ble spesielt innbudt. Vi serverte svelle og den erfarne «takkebakersken» Anne Lise Grønbekk hjalp oss med stekinga. Svelkene ble svært populære.

Ca 30 var samlet utenfor Nærmiljøsentralen til sommertreff. Marit prest og Marianne diakon bidro med underholdning, mens Ragnhild Fagernæs ledet treff og allsang. Det ble en trivelig og munter formiddagsstund.

**Tekst og foto: Marianne Konow**



## Gudsteneste på Solbjør 3. august

Tutta Solberg flytta i år grendegudstenesta i Flatøigardskroken inn i sin private heim. Tretti tok imot innbydinga, og var med på gudsteneste og triveleg kaffestund etterpå.



*Vertinna Tutta saman med Tone Steinset*



*Utsnitt av forsamlinga*



*Gudstenesteverd Inger Lyberg leverer takkofferet til Marit prest*

**Foto: Ragnhild Fagernæs og Marit Slettum**

## MIN SALME



### Fager kveldsol smiler

*Fager kveldsol smiler  
over heimen ned,  
jord og himmel kviler  
stilt i heilag fred.*

*Berre bekken brusar  
frå det bratte fjell,  
Høyr kor sterkt det susar  
i den stille kveld!*

*Ingen kveld kan læra  
bekken fred og ro,  
ingi klokke bera  
honom kvilebod.*

*Så mitt hjarta stundar,  
bankande i barm,  
til eg ein gong blundar  
i Guds faderarm.*

Kenneth, yngsteguten vår, utfordra ho mor til å velje ei salme eg er glad i, og det vart "Fager kveldsol smiler".

Den er skreve av ein tysk diktar, August Heinrich Hoffmann, som levde frå 1798 - 1874. Den vart oversett til norsk av P. Hognestad rundt 1950.

"Fager kveldsol smiler" har ein enkel tekst og ein lett melodi. Denne salma lærde eg utanåt på Brusveen skule i fjerde klasse, og den vart og ein del brukt som "takk for dagen-song" i denne skule-tida.

Sidan har denne salma vore med meg opp gjennom åra, og me brukte den alltid som avslutning på alle møte me hadde i Bruflat helselag, medan eg var leiari der, og sameeins i Brusveen helselag.

Det er ei kveldssalme, og også blir brukt ein del ved gravferd. Den passar bra, både i sorg og glede, og eg er glad i denne enkle, lette salma.

Ho faster utfordrar nevøen sin, Johan Skogstad, til å skriva om "min salme" i neste nummer.

**Venleg helsing Ingebjørg Storsveen**

## ØNSKEDIKTET

Trude Tidemandsen har valgt «ønskedikt» i Kyrkjevarden.

### ~ Guardian Angels ~

*When Angels sense you need them,  
and Angels always do.  
They come, unseen, from everywhere  
To help and comfort you.*

*They hover close beside you  
Till all your cares are gone,  
Till they can see you're ready  
Once again to carry on.*

*Then some of them may fly away  
And take their gentle touch,  
To other hearts that need  
The love of Angels very much.*

*But one, at least, stays with you  
As your constant friend and guide,  
For GUARDIAN ANGELS never leave,  
They're always at your side.*

**Author Unknown**

Trude Tidemandsen

Trude utfordrer svigermor si, Elizabeth Skåren til å presentere sitt ØNSKEDIKT i neste Kyrkjevarden.







# KOR VART DET TÅ DEI

Eit møte med Bodil Røsteliën,  
f. Hestekind

Då Tone ringte og spurte om eg ville fortelja kor det vart av meg, til Kyrkjevarden, vart eg både stolt og glad.

Eg har opplevd mykje i mitt 65 årige liv, og ikkje ein gong angra på kva eg har gjort. Eg vart født i Lyngstad 3 april 1949, og voks opp saman med bror min Oddbjørn, som er fire år eldre. Barndomen min kan beskrivast med nokre ord, nemlig mykje kjærlighet, trygghet og sang og musikk.

Foreldra mine var både gjestfrie og opne for besøk, og ein søndag det ikkje var messe, kom det ein på trøsykkel til Lyngstad.. Pappa og han satte seg uti stogo der praten gjekk lett. Etter ei lang stund, undrast nok pappa kvifor ikkje mamma kokte kaffe til denne gjesten.. Så han ropte inn på kjøkenet til henne og sa ho skulle koke kaffe. Mamma kom uti stogodøra, lett irritert, og sa:” Eg spanderar ikkje kaffe på tater”. Pappa, som var kyrkjetenar i Thon, vart litt lang i maska, og sa; det var då ikkje tater, men vikarpresten vår, Bergene...

Då fordufta ho mamma, så eg overtok husmorpplikta for henne. Heldigvis vart ikkje presten fornærma, han berre lo.

I Smiugardsbygda var det mest gutar, så at eg vart ei gutejente, er heilt naturleg. Men Vesla i Skogstad og Ester i Nybrenn leika eg mykje med, og vi har halde kontakt gjennom heile

livet vårt. Brusveen skule vart vårt “universitet”, der vi lærte det vi hadde bruk for, både av skulestoff og livslærdom.

Onkel Ole Fløgum som var lærar på framhaldskula, ville eg skulle gå vidare på realskule og gymnas. Dette visste eg at mamma og pappa ikkje hadde råd til, så eg valde gå ut i arbeidslivet, som 15 åring. Hotell og kafe vart det eg likte best å drive med. Særlig matlaging då. Men eg prøvde mykje forskjellig anna arbeid også, som Mustad fabrikkar.

Sumaren 1968 var eg budeie på Øyvastølen, og dit kom det ein torping på motorsykkel, som stjal hjarta mitt.

Etter militæret kom han på besøk, og i 1971 gifta vi oss i Nord Etnedal kyrkje, med bryllupsfeiring på Stavseng, etter vielsen.

Bodde heime i Lyngstad mens vi bygde vårt eige hus på “Kallåker.n” uti dalen. Her skulle pappa hjelpe oss, men det vart det ikkje noko av, då han vart skoten 19 mars i 1973. Ei tragisk og vond hending, som slit på meg den dag i dag. Bebreidar ikkje Eriks familie for noko, dei er og var uskyldige i denne hendelsen her.

Etter nokre veker med forberedelser, begynte vi med bygging av vårt eige hus, og Ottar på Hestekind og Ingvald på Bergo hjalp oss. 1 des. 1973 sto det ferdig, og vi kunne flytte



*Bodil og Ole Magnus  
Røstelien*

inn i vår eigen heim, saman med Rita født 6/9-1969 og Trine, født 4/8- 1973. 22/3- 1975 kom Torbjørn til verda også, så no var familien vår fulltallig, og vi hadde fått att ein ny Torbjørn.

Ole Magnus dreiv som skogsarbeider, men oppi Torpa sto det eitt småbruk som onkelen hans ville vi skulle overta.

Etter to år med mas frå meg, vart vi einige om å flytte oppi der, og starta med mjølk og kjøttproduksjon. Så i 1980 vart eg torping.

Vi hadde mykje arbeid foran oss. Det var dyrka berre 40 mål, så det måtte til mykje jordarbeid, 130 mål nydyrking, samt bygging av både våningshus og fjøs, men vi hadde ungdommen og pågangsvilje til tusen, så dette gikk som ein lek. Vi hadde dukkestogo til kjøken og ei gamal campingvogn til soverom, heile den sumaren i 1980. Det var to timar sol og resten regn, men det gikk bra lell det. Såg ikkje mørkt på det , men 3 august kunne vi flytte inn på “loftet”, og feira Trine sin 7 årsdag innomhus. Det var GODT. Gløymer alder den dagen.

Vi kjøpte inn kyr, 8 i talet, det fyrste året, men såg fort at vi kunne ikkje leva av dette åleine. Difor byrja Ole Magnus i skogen att på vinte-

ren, mens eg dreiv i fjøset. Buskapen vaks, etterdom vi fekk klart nyfjøset, så til slutt hadde vi en 20 mjølkekyr og en 50 – 60 ungdomdyr på bås og i bingar. Samt 170 mål med jord. Men no tok helsa slutt for meg, då eg fekk ei ryggskade i silobutten, knekte ein virvel, som legane ikkje turde operere, difor vart eg ufør som vel 45 åring.

Mange tunge stundar vart det, for eg ville so gjerne arbeide med dyra, men klarte det ikkje på grunn av smertene.

Barna våre vaks til, fant seg livsleidsagarar , alle tre, så no er eg bestemor til tre innmari kjekke gutar, Espen er 23 år og kokk, Marius er 22 år og jobbar for Hære, Mads Håvard er 21 år og han gjorde meg til oldemor den 6. januar i år. Kan livet mitt bli betre då? Rita og Trine bor her i kommunen, Rita held på med å utdanne seg som frisør, og Trine jobbar litt på Lavvotunet.

Torbjørn er blitt Valdresing att, kjøpte seg hus oppi Nord Aurdal saman med sin Erik. Garden vår har vi overlate til Espen, så fjøset er tomt, berre mus der, men vi har eitt håp om at kanskje i framtida vil det bli dyr på garden att.

Men då må det bli meire lønnsamt å drive med dyr. Slik det er no, er det ikke levedyktig leng-er. Berre slit.

Ole Magnus og eg har eitt rikt liv, sjøl om vi er begge to uføre. Om sumaren fiskar vi i vakre Valdres, legg ned til rakfisk, og har mange gode rakfisklag utover året. Samt mange gode middager rundt kjøkenbordet, med steikt aure med rummesaus på, saman med mange gode vener. Det er så godt å ha vener som vi kan kose oss saman med.

Eg er leiar for Dal pensjonistforening, det har eg vore i tretten år, og eg kosar meg saman med medlemmane der. Vi har møter ein gong i månaden, på grendehuset vårt, samt julebord og “Vårslepp”, der vi ber med oss mange og har auksjon på mykje rart. For tre år sidan vart eg også leiar i Nordre Land eldreråd. Dette er givande “hobby” for meg, og eg håpar og jobber for ei mykje betre eldreomsorg.

Om hausten vassar eg i multemyrene, noko som gjer meg god trim, samt julemulte. Lite jakt blir det også tid til. Har vore med på elgjakt i nokre år, men i fjor gav eg opp å halde trutt med dei andre på laget vårt. Ville ikkje at dei skulle ta hensyn til meg når det gjaldt å velja poster o.l.

Men lite rådyr og småvilt takkar ikkje fruen nei til å være med på. Bukkejakt om hausten er både spanande og moro.



Sangen frå barndomen min held eg ved like. Eg er med i Fredheim sanglag, likeså leiar eg “Eldrebølgen”, nokon av medlemmane i pensjonistforeninga, som samlast og syng innimellom.

Vi kosar oss saman. Fredheim sanglag har også gjevet ut to cdar, og vi har vore i Etnedalen eitt par – tre gonger. Det har Eldrebølgen også vore, moro å glede nokon med sangen vår.

“Småtrolla” heldt eg på med i nokre år, det var ungar frå to til ti – tolv år som sang og kosa seg. No er dei vel alle saman vaksne, og syng for sine eigne små. Tida går fort den, når ein er aktiv.

